



Elevar i 10. klasse i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2018/666 - 69450/2022	Jorunn Sølvsberg, 71 28 02 56	01.06.2022

Skoleskyss - Informasjon til elevar som skal starte på vidaregåande skole

Så snart du har takka ja til skoleplass

- kan du søke om skoleskyss om avstanden er over 6 km til skolen
- søk på skoleskyss gjennom SKOLESKYSSPORTALEN (<https://skoleskyss.mrfylke.no>)

Det er eleven sjølv som må søke, føresette kan ikkje søkje på vegne av sine barn. Du skal nytte MinID ved innlogging. Etter at søknad er sendt, kan du logge deg inn og sjå status på søknaden, sende ny søknad ved flytting eller ved bytte til anna skole. Du må søkje årleg.

Skoleskysskort

Når du vert innvilga skoleskyss for første gang, vil du få utlevert skoleskysskort på skolen. Om du alt har skoleskysskort kan kortet aktiverast på billettlesaren på bussen/hurtigbåten etter at du har fått innvilga søknaden om skoleskyss. Dette er eit elektronisk reisekort som skal registrerast ved kvar påstiging. Ta godt vare på skoleskysskortet som skal nyttast alle åra du har rett til gratis skoleskyss, både til grunnskole og vidaregåande skole. Ta kontakt med skole ved feil på kortet eller ved tap av kortet. For nærare informasjon om skoleskysskort, sjå link på neste side.

Skysstrett

Elevar i vidaregåande skole har rett til gratis skoleskyss når avstanden mellom bustad/hybel og vidaregåande skole er over 6 km.

- elevar som bur på hybel vil ikkje ha rett til fri skyss til folkeregistrert adresse
- ved delt bustad kan elevar under 18 år ha rett til skoleskyss til to adresser
- elevar med funksjonshemming kan ha rett til tilrettelegging uavhengig av avstand
- på strekningar utan kollektivtilbod kan det søkjast om køyregodtgjering
- elevar som følgjer 2+2 – modellen (vekslingsmodell med skole+bedrift) kan søkje om skoleskyss til undervisning på skolen gjennom heile skoleløpet

Elevar med behov for tilrettelagt skoleskyss må levere lege/sakkunnigerklæring direkte til sin skole. Den vidaregåande skolen registrerer søknaden med vedlegg i skoleskyssportalen. Dette må gjerast så fort eleven har fått tildelt plass ved skolen.

Publikumskart

Før du søker om skoleskyss kan du sjekke avstanden mellom bustad/hybel og skole på <https://skoleskyss.mrfylke.no/Public/Map>

Når du søker om skoleskyss vert det lagt til 100 meter på avstandsutrekninga i din favør, som ei korrigering for mulige feil på strekninga og avstand mellom målepunkt og dør. Dette tillegget er inkludert i utrekninga både i publikumskartet og i din søknad.

Din vidaregåande skole kan hjelpe deg med søknaden om du treng det.

På Møre og Romsdal fylkeskommune si nettside (<https://mrfylke.no/skoleskyss>) finn du meir informasjon om skoleskyss. Her vil du også finne skjema for lege/sakkunnigerklæring og delt bustad.

Vedtaket om skoleskyss blir sendt på digital post så snart søknaden er behandla.

Med helsing

Jesper Wiig
Seksjonsleiar FRAM Drift

Jorunn Sølvsberg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur